

MØTEPROTOKOLL

Ungdomsrådet

Dato: 27.11.2014 kl. 16:15 til kl. 18.00

Stad: Skogshorn

Arkivsak: 12/01448

Tilstades: Knut Johansson Thorset, Linnea Johansson Thorset, Brage Sæther Halbjørhus, Håvard Venås, Hanne Intelhus Markegård og Hanna Juven Gjærde

**Møtande
varamedlemer:**

Forfall: Andres Rudningen, Sondre Eggen Dahl

Andre: Henrik Thorset og Jostein Venås

Protokollfører: Hilde Storeskar er sekretær for Hemsedal Ungdomsråd

SAKSKART

Saker til behandling

20/14 Godkjenning av protokoll frå møtet i ungdomsrådet 16.10.2014

Protokollen frå møtet vart godkjent.

21/14 Presentasjon frå undersøkinga «Ung i Hallingdal» ved Henrik Thorset

Henrik er ein av åtte folkehelsekoordinatorar som sit i Folkehelsegruppa i Hallingdal, eit samarbeidsprosjekt som vart starta opp hausten 2013.

Punkt som peikar seg ut i undersøkinga er at ungdom i Hallingdal opplever psyksisk stress. Dei etterspør i tillegg rollemodellar. Dei vil ha klare grenser frå dei vaksne. Det var interessant å høyre om resultat i rapporten. Den viser kor skoen trykker mest i kvar kommune. Det er viktig å jobbe med ungdom når ein skal tenke på forebyggjande arbeid for framtida. Tala frå rapporten kan vere med å få i gang tiltak retta mot lokale ungdomsmiljø. Aktuelle spørsmål er korleis det skal arbeidast med resultat frå undersøkinga framover – innan respektive etatar og fagområde.

Forebyggjande tiltak som allereie finst i Hallingdal er MOT, Kjærleik og grenser og Ungdomslosar.

22/14 Saker frå Hovudutval for Livsløp?

Håvard fortalde litt om sakene som var oppe i deira møte 20.11. Prioritert handlingsplan for

idrett og fysisk aktivitet 2014-2015, informasjon om mobbing i skulen, skjenkeløyve for uteareal til Peppes Pizza og budsjettarbeid.

Når det gjeld mobbing ynskjer politikarane å få eigen tilstandsrapport frå skulene/barnehagane. Han spurte medlemmane i rådet om dei visste om anonyme måtar å varsle om mobbing på og om kanskje skulevegring/skulking kan ha bakgrunn i mobbing. Det er viktige punkt å reflektere over.

23/14 Val

Det manglar fortsatt representantar frå 2. v.g.skule og frå ungdomsklubben. Rådet håpar å ha dette på plass innan kort tid. Det er difor ikkje valt leiar, nestleiar og representant til Hallingdal ungdomsråd før Hemsedal ungdomsråd er komplett.

24/14 Møtedatoar for våren 2015

Det er sett opp tre møter i vårhalvåret. Torsdagane 12. februar, 9. april og 4. juni.

25/14 Eventuelt

Busstransport (14.10 bussen frå Gol) har vore oppe som sak fleire gonger. Hanna tek med seg denne saken til Hallingdal ungdomsråd som har møte måndag 1. desember.

Det vart også teke opp ynskje om betre kollektiv transport i Hemsedal og Hallingdal. Det er ikkje lett for ungdom som ikkje har førarkort å kome seg til vener og liknande.

Problemet med at skulebussen frå Svøo (som fyrst har vore på Gol med elevar) alltid kjem 5-10 minuttar for seint. Elevane kjem tilsvarande for seint til timen og det er uholdbart. Håvard tek opp saka med oppvekstsjef Gunn Berit Mythe Nergård.

Torsdag 22. januar 2015 skal Hemsedal kommune arrangere ein kveld «For venskap og respekt – og mot mobbing!» Kl. 18.00 blir det fakkeltog frå HBU, gjennom sentrum og tilbake. 18.30 blir det gløgg, appellar og kulturprogram på HBU. 19.30 «Jenta som ingen kunne mobbe» av Olaus Nilssen – teaterframføring i Kyrkjestugo.

Hemsedal, 27.11.2014

Hilde Storeskar
For Hemsedal Ungdomsråd